

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.04.2016

Vår ref.: 200707748-5

Arkiv: 315 / 055.Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Finn Roar Halvorsrud

Høyring av søknad om senking av lågaste regulerte vasstand (LRV) i Grøndalsvatnet i Samnanger kommune, Hordaland fylke

NVE har motteke søknad frå BKK Produksjon AS om å få senke LRV i Grøndalsvatnet frå dagens LRV på kote 188 til kote 179. Grøndalsvatnet ligg i Samnanger kommune. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 12. august 2016. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på internettsida til NVE: www.nve.no/konsesjonssaker-og-hoeringer. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga kan dei kontakte Sigve Næss i BKK på e-post: Sigve.Ness@bkk.no eller tlf 55 12 90 19

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på.

Vi ber **Samnanger** kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn i ekspedisjonen på kommunehuset fram til **12 august 2016**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/konsesjonssaker-og-hoeringer , nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **12.08 2016**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Finn Roar Halvorsrud
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering,
 Info.ark om sakshandsaminga

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
BKK Nett AS
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
Miljødirektoratet
Naturvernforbundet i Hordaland
NGI v/Krister Kristensen
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Samarbeidsrådet for naturvernsaker
Samnanger Jeger og Fiskerlag
Samnanger kommune
Samnanger Turlag
Statens Vegvesen - region vest

Kopi til:

BKK Produksjon AS
Olje- og energidepartementet